Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sör Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr. til no 36

Herad: Venje

Emne: Moatar aa ærte folk poa

Bygdelag: Vemme

Oppskr. av: Gjöri Somundol

Gard: Vassia

(adresse): Vassli brook. T.heim

G.nr. 125 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja for det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Ja om ein mann eller kvende vosa og snakka till med den henseikt at folk skulde tru det han sa, var det ein noksoa vanleg moate ikkje aa svara, men klappe seg poa bakeen. Kvinfolk kunde og riste stakken sin poa ein eigen moate, först med eine handa poa eine sida. Soa med den andre poa andre sia. Alt med eit augelag som kunde legg mykkjy vanvyrdnaa for dag. Slikt var bra vanleg i mi barndom. Eg er född 1875.

1 Nei det har eg vist ikkje haurt. Men dei kunde hagle med sneiord til han som somla altfor mykkjy i arbeie. Folk kunde spör om noar siel han ka foatt ut svekka eller om dei skulde hjelpe han aa dra ut latmarkan. Eller ein kunde spör om han tenkt aa foa unna aakeren föire eller ette Jula. Aa mangt slikt.

2. Ja du folk kunde gjer ukule bi pek aat folk dem mislika. Poa Alvstad i Vemme budde ein mann Keitte Tron, for poalag 100 aar sia. Han var meir enn vanleg gjerig og soa ein seinalegg. Han vart reint ras

7752

noar det kom utspoakara". Nattfriara. Ein gong tok ungdomen eit nytt lei-reip som han Iron var stolt av, og batt fast dörklinka hans slik at döra kunde goa poa glött. Lenger kom ho ikkje. Soa hellt ungdomen leven poa lofte. Han Iron moatte skjera av reipe – för han kom ut. Eller dei kunde kle ut all slags figurar aa stille opp kring veggerne. Kunde greie poa sagbukken aa sett for ei vogn eller slede. Eller kunde spikre fast fjörknakkan högt oppoa veggen og mangt anna. Sjölsakt bydde ikkje dette alltid nokko sers. Var berre skoj og damme poa hitt. Men at det var bunde til Sjetorsdag eller langfredag, har eg alder hauri.
3 Nei Julskoaka eller liknande har eg ikkje hauri. Men at boalen vart dregen poa ein forskjeit plads sommetide har eg hauri.
At folk vart rera julnatta trur eg alder har vorre skjikk her. Det vart halde for stor raaskap aa driva nokko slags gøj da. Alle moatte halda seg inne. Ingen skulde drikk seg full da.
B. Ja utnamn poa folk har vove allfor vanleg. Namna skulde talka ein eigenskap eller eit serleg lyte. De hjelpte lite aa vera av bra folk. Folkevikkij brukka anoog ikkje person og rang. Ei prestfrue i Meldala vart kalla „Törfickmama" avdi ho alder gav dem som „bad seg" anna enn ein törfick. Ein mann som ha eit barn med lausa si vart heitande bokken. Lygar-Ane, ei som ha vort fraa snakk sant. Lus-poal. Namne byder seg sjöl. Barn-Kristi. Ho ha mange lausborn. Lille Mamma ei anna ei som ha mange lausborn.

7752
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

B. Dubbelt-Anders, ein som heitte Anders Andersen
Flesk-Hans: Han ha eingong stöle ei fleskskinke.
Slike namn kunde forplante seg poa den eine slektled etter den andre. Blanksjermen: Han gikk stött i ei fin hüve med blank sjerm. Var kansje lite brukeleg slikt til kvardags. At kvinfolk som var litegran „lett poa det": gramma föringsjekla eller flatbötningen var bere alminnelig. Sleikopp eller sleiken var vanleg, for dem som sleikte og smaug for folk for vindings-skull var og vanleg. Det fanst grender, der dette var mer utprega. Men no er slikt meir bortkome. Moa vel kall det kultur.

4 Kan ikkje minnast nokko serskilt namn poa slike. Ellest kunde ein goa poa besök juldagskvelden. Det var vanleg.

5 Fek ein ikkje nytt plagg til jul laut ein „sett poa stabbo" hogg stabben, som för naur med til inventare i stua. Det minnest eg gott. Naar ein sett poa stabbo-sae ein kva ein vill".
Kansje har det verkeleg vore plossen for den som lite eller ingenting aatte. Men det moa ligg langt attende. Slike hadde kansje mindre vyrdna for kva dem sa og. —

6 Eit skammaplagg, ei skamtoyfjeng. Ein likseling Han kalla verken hit ell dit. Han eig ikkje folkskjikk

Vassli 9 april 53

Guri Lomundal

7752

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

[margin:] vart kalla